

Møtereferat

Møtetittel: Ope møte om Betel

Dato: 30.10.2025

Tid: 16.30-17.30

Stad: Møtesal Hardangerjøkulen, Ulvik

Referent: Brynjulf Langballe

Deltakarar

Frå Ulvik herad:

- Ordførar Jens Olav Holven
- Kommunalsjef Samfunn og plan: Trygve Vik
- Fagleiar bygg og anlegg: Brynjulf Langballe

Publikum: 20 frammøtte

Agenda

1. Kort intro og gjennomgang av referat frå førre møte (30.09.25)
2. Diskusjon om framtida til Betel
3. Frist for innspel og overtaking
4. Eventuelt

Vedtak og fristar

Frist for innspel/ynskje om overtaking: 31.12.25

Innspel sendast til: post@ulvik.kommune.no (merk med «Betel»)

Hovudpunkt frå diskusjonen – Innspel frå publikum

- Behov for kyrkjelydshus: Ulvik manglar kyrkjelydshus.
- Kulturhistorisk verdi: Betel er eit av dei siste bygga frå før krigen og det einaste bedehuset i indre Hardanger utanom industriplassane.

- Økonomi: Soknet kan ikkje drifta bygget grunna dårleg økonomi. Soknerådet gav opp drifta i 2011. Stord Indremisjon har dekkja kostnadar fram til 2023. Bygget er I dag fråkopla straum og vatn.
- Alternative bruksområde: Mogleg som bygdamuseum, eventuelt flytting til betre plass.
- Tilskot: Heradet vert bedne om å vurdere tilskot tilsvarande rivingskostnad dersom nokon overtek bygget.
- Behov for eldsjeler: Nokon må ta ansvar for vedlikehald og drift.
- Sogelaget: Kan vere ein aktuell aktør til å søke midlar frå stiftingar/legat.
- Kulturstyre: Framlegg om å gjenoppretta kulturstyre.
- Framdrift: Viktig å handla raskt for å unngå ansvar for grunneigar dersom bygget står til forfall.

Konklusjon

Nokon må ta initiativ til å samle aktørar for å finne løysingar.

Saka krev rask framgang for å sikre bygget og avklara ansvar.